

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Kommunestruktur

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	10.12.2014	059/14

Sakshandsamar Hans Petter Thorbjørnsen	Arkiv: K1-002	Arkivsaknr 14/268 - 15
---	---------------	---------------------------

Sakstilfang:

Nr	T	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	Formannskapet	Drøftingsnotat - kommunestruktur
3	U	Granvin herad; Eidfjord Kommune; Ullensvang herad	Kommunestruktur
4	I	KS Kommunesektorens organisasjon	Anmodning om mandat for KS Hordalands medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.
5	I	Kvam Herad	Deltaking i kommunestrukturarbeidet i Hardanger
6	I	Eidfjord Kommune	Melding om vedtak - kommunestruktur
8	I	Ullensvang herad	Melding om vedtak: Kommunestruktur. Utgreiings spørsmål
9	U	KS v/Ebbesvik	Særutskrift: Kommunestruktur - KS sin medverknad
10	I	Voss Kommune	Invitasjon til utgreiingsarbeid om kommunestruktur
11	U	Voss Kommune v/ Ordførar	Utgreiingsarbeid om kommunestruktur
12	I	Granvin, Ullensvang og Ulvik Ordførarane i Eidfjord	Utgreiing kommunestruktur- mandat
13	I	Granvin Herad	Melding om vedtak: Arbeid med framtidig kommunestruktur
14	I	Norges Fjellstyresamband v.Styreleiar Arnodd Lillemark	kommunereform og fjellstyrer

Saksutgreiing:

Eg viser innleiingsvis til sak 32/14 om kommunestruktur som vart drøfta i heradsstyret 18. juni 2014. I tillegg viser eg til løypemeldingane som er gitt i heradsstyret hausten 2014.

I tråd med vedtaket i heradsstyret har dei fire kommunane Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik hausten 2014 starta arbeidet for å gjennomføre utgreiing av ei mogleg framtidig samanslåing av dei fire kommunane. I grove trekk kan ein førebels dele prosjektet inn i tre hovuddelar:

1. Administrativ utgreiing av status og utfordringar.
2. Politiske forhandlingar om «intensjonsplan». Framtidige moglegheitsbileter.
3. Involvering av politikarar, tilsette og befolkninga.

Når det gjeld punkt 1 er det allereie sett ned ei styringsgruppe mellom dei fire kommunane som skal fylgje opp den administrative utgreiinga av kommunesamanslåinga. Rådmennene i dei fire kommunane utgjer styringsgruppa og arbeidet med sjølve utgreiinga er starta opp.

Vidare er det naudsynt at heradsstyret finn ein høveleg arbeidsmetode for å gjennomføre punkt 2 og 3. Det er viktig med god politisk forankring og involvering for å kunne utføre dette arbeidet på ein god måte. Eg vil difor føreslå at heradsstyret sett ned eit styringsgruppe i saka for å sikre at desse delane av prosjektet vert gjennomført i tråd med heradsstyret sine føresetnadar og ønskjer. På grunn av saka si natur finn eg det naturleg å foreslå at gruppeleiarane i dei fem politiske partia som er representert i heradsstyret vert utnemnt til styringsgruppa og med ordførar som leiar.

Styringsgruppa vil vere heradsstyret sitt arbeidsutval i saka når det gjeld arbeidet med å forhandle fram ein «intensjonsavtale/viljesfråsegn» med dei andre kommunane. Styringsgruppa vil også få ansvaret for arbeidet med å høyre, involvere og inkludere innbyggjarane i denne viktige prosessen.

Når det gjeld forhandlingar og arbeidet opp mot dei andre kommunane føreslår eg at ordføraren er heradet sin forhandlar. Styringsgruppa vil få fortløpande tilbakemeldingar om forhandlingane, og styringsgruppa vurderer dei momenta og forslaga som kjem fram i løpet av prosessen.

Om det er naudsynt å utvide talet på personar som deltek i sjølve forhandlingsmøta ut over ordføraren, finn eg det naturleg at styringsgruppa får mynde til å utpeike ytterlegare medlemmer av forhandlingane. Ei slik utviding må sjølvsagt samordnast med dei tre andre kommunane.

Ordførar sitt framlegg :

1. I samband med saka om kommunereform vert det nedsett ei styringsgruppe som på vegne av heradsstyret skal ha ansvaret for arbeidet med dei politiske forhandlingane med kommunane Eidfjord, Granvin og Ullensvang. Styringsgruppa skal også ha ansvaret for arbeidet med å høyre, inkludere og involvere innbyggjarane i Ulvik herad.
2. Styringsgruppa skal ha følgjande medlemmer:
 - a. Hans Petter Thorbjørnsen (leiar)
 - b. Oddmund Jordal
 - c. Stig Yngve Røkenes
 - d. Jens Olav Holven
 - e. Guro Ljone
3. I forhandlingane med kommunane Eidfjord, Granvin og Ullensvang er ordførar Hans Petter Thorbjørnsen heradet sin forhandlar og kontaktperson. Styringsgruppa utnemner eventuelle ytterlegare personar som skal delta i forhandlingane om dette vert aktuelt.

10.12.2014 Heradsstyret

HST-059/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

1. I samband med saka om kommunereform vert det nedsett ei styringsgruppe som på vegne av heradsstyret skal ha ansvaret for arbeidet med dei politiske forhandlingane med kommunane Eidfjord, Granvin og Ullensvang. Styringsgruppa skal også ha ansvaret for arbeidet med å høyre, inkludere og involvere innbyggjarane i Ulvik herad.
2. Styringsgruppa skal ha følgjande medlemmer:
 - a. Hans Petter Thorbjørnsen (leiar)
 - b. Oddmund Jordal
 - c. Stig Yngve Røkenes
 - d. Jens Olav Holven
 - e. Guro Ljone

3. I forhandlingane med kommunane Eidfjord, Granvin og Ullensvang er ordførar Hans Petter Thorbjørnsen heradet sin forhandlar og kontaktperson. Styringsgruppa utnemner eventuelle ytterlegare personar som skal delta i forhandlingane om dette vert aktuelt.